

# KYRKJELYDSBLAD



ÅMLI  
NR. 1


GJØVDAL  
PÅSKE 2017

TOVDAL  
66. ÅRG.

## Å påskedag, du høgtidsstund

Å påskedag, du høgtidsstund,  
du glede-vell i hjartegrunn,  
vår Krist har siger vunne!  
No ber dei bod kring alle land  
at døden har sin overmann  
i Jesus Kristus funne.

No kan me veg til livet sjå,  
forlating, liv og frelse få,  
i Jesus Krist, vår Herre!  
Gud vere lova! Livsens drott  
har gjort all mørkheims makt til spott  
og kalla oss til ære!



# ***GOD PÅSKE!***

# Påkehilsen

«*Han er ikke her, han er oppstanden*»

En flott gjeng med konfirmanter møtes annen hver onsdag. Siden nyttår har vi hatt samlinger på Menighetssenteret. Her er det godt og varmt, og ca. 30 unge blir møtt av lukten av varm mat. Det er mange blide ansikter å se. Ruth og John Lien stiller trofast opp med mat og aktiviteter for de unge i bygda.

Før måltidet er det andakt, og det er ro i salen. De unge får høre budskapet om Jesus, vår Frelser som døde på korset for oss, for at vi skal ha liv, evig liv. Etter et rungende bordvers er de klare til å nyte et godt måltid.

Ungdommene her i Åmli blir godt tatt vare på. Her er noe for både kropp og sjel. En hyggelig bonus er et fint samarbeid mellom Misjonskirken, Pinsemenigheten, Normisjon, Skulelaget og kirken.



I år er det “Ungdommenes år.” I den forbindelse er det satt i gang arrangementer og aktiviteter spesielt for ungdom i prostiet.

Prosten vår, Ragnhild Eikeland Floberg, var initiativtaker til Ungdomstreff på Vegårshei den 11. februar. Ungdommer fra alle trossamfunn ble invitert.

En fin gjeng fra Åmli, leder av skulelaget, Aslak Eppeland og en gruppe konfirmanter med prest, satte kursen mot Vegårshei, spente på hva kvelden ville bringe.

Ledere i KRIK var invitert til Vegårsheihallen for å lede ballspill og leik. Ivrige ungdommer fikk tatt ut masse energi i hallen, og Åmli-ungdommene deltok med stor entusiasme.

Slitne og sultne gikk turen bort til Høgtun, hvor Gerd Kallevig fra Åmli allerede var godt i gang med å steke herlig pizza. Maria Nese Taxerås fra Vegårshei styrte kiosksalget med stødig hånd, så alle fikk nok av mat og drikke. Begge gjorde en kjempejobb! Pizza smaker ekstra godt når sportsinnsatsen har vært stor!

Etter en pause til å mingle litt og bli kjent med andre unge, fikk vi møte elever fra Stavern folkehøyskole, Fredtun. Disse var invitert for å presentere skolen, som blir drevet av Frikirken. Skolen har flere linjer som f. eks idrett, skuespill og friluftsliv - et alternativt tilbud til skolegang.

Vi fikk også bli litt kjent med den nye ungdomspresten Lars Ørland i Holt kirke.

Det nærmet seg slutten på en fin lørdagskveld, og det var tid for ungdomsgudstjeneste i Vegårshei kirke. Prosten ledet gudstjenesten og ungdommer deltok med musikalske innslag og vitnesbyrd: «*Han er ikke her, han er oppstanden.*»  
Gud er kommet nær!

*Du er hellig du er hel  
Du er alltid mye mer  
enn vi noen gang forstår.  
Du er nær oss nå.*

*Velsignet være du,  
vår Herre og vår Gud.  
Din velsignelse på jord  
blir til brød på vårt bord.*

*Du er hellig. Du er helhet.  
Du er nærhet. Hele kosmos lover deg!  
Hosianna, hosianna, hosianna, vår Gud!*



Det var mye vakker sang og musikk og nattverd med lystenning. En verdig og fin avslutning på et hyggelig ungdomstreff en lørdagskveld i februar.

Ordene fra avslutningssalmen skal få klinge med gjennom påsketiden:

*Deg være ære, Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt.  
Lyset fyller haven, se, en engel kom,  
åpnet den stengte graven, Jesu grav er tom!*

*Omkved: Deg være ære, Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt.*

*Se, Herren lever! Salig morgenstund!  
Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.  
Jubelropet runger: Frelseren er her!  
Pris ham, alle tunger, Kristus Herre er!  
Omkved:*

*Frykt ikke mere! Evig er han med.  
Troens øye ser det: Han gir liv og fred.  
Kristi navn er ære, seier er hans vei,  
evig skal han regjere, aldri frykter jeg.  
Omkved:*

Med ønske om en velsignet påskehøytid!

*Ragnhild Marie Røstrik  
Sokneprest i Åmli og Gjøvdal sokn*

# Ei fristilt folkekyrkje!

Første januar 2017 er ein merkedag i Den norske kyrkja si historie. Dagen markerer at Den norske kyrkja ikkje lenger har dei same formelle og juridiske banda til staten, som vi har hatt sidan reformasjonen. Vi er blitt ei sjølvstendig folkekyrkje.

Dette har vore eit ønska mål frå eit nesten samrøystes Kyrkjemøte og frå eit breitt stortingsforlik i 2008. lausrivinga har vore ein lang prosess. Utover på 1900-talet fekk kyrkja stadig større sjølvstende ved at det vart oppretta sokneråd, bispedømeråd, kyrkjemøte og fellesråd. Gradvis fekk kyrkja nye oppgåver som å vedta liturgiar og ha det siste ordet i lærespørsmål. Viktig har det og vore å få mynde til å tilsette prestar, og frå 2012, også prostar og biskopar.

Kyrkja har synt at ho er i stand til å styre i eige hus. Endringane i det praktiske livet til folk flest blir derfor ikkje store. For dei som jobbar administrativt, vert det ein del endringar sidan vi ikkje lenger er ein del av det statlege arbeidsområdet.

Sjølv om kyrkja ikkje lenger er ei statskyrkje, er vår kristne arv omtala i Grunnlova i to viktige paragrafar: I paragraf 2 står det at «Verdigrunnlaget skal framleis vere den kristne og humanistiske arven vår». Det vil seie at dei kristne verdiane framleis skal vere viktige i samfunnet vårt.

I Grunnlova paragraf 16 er kyrkja omtala slik: «Den norske kyrkja, ei evangelisk-luthersk kyrkje, står ved lag som den norske folkekyrkja og blir stødd som det av staten. Nærare føresegner om kyrkjeskippnaden blir fastsette i lov. Alle trus- og livssynssamfunn skal bli stødde på lik line.» Statens ansvar for å stø Den norske kyrkja og alle andre trussamfunn, er altså ført vidare.

Viktigast av alt er det likevel at tre grunnleggjande forhold er dei same. For det første: Sjølv om relasjonen mellom stat og kyrkje nå vert løyst, er det ingen ting som tilseier at relasjonen mellom folk og kyrkje skal bli endra. Vi skal framleis vere ei folkekyrkje. I framtida vert det avgjerande at vi som kyrkje, både tilsette og friviljuge, framleis klarer å ta vare på og byggje gode relasjonar i **lokalsamfunnet** til enkeltmenneske, organisasjonar og det offentlege.

For det andre er vårt oppdrag det same. Vi ønskjer, slik kyrkja sin visjon seier, å skape «Meir himmel på jorda». Det gjer vi ved å vere ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open kyrkje. Oppdraget er gjeve til oss alle. Saman skal vi vere med å skape tru på Jesus Kristus. Vi skal elske Gud og nesten vår med alt som Gud har gjeve oss av evner, nådegåver, tid og pengar.

For det tredje er Han som er kyrkja sin Herre, og som trua vår er bygd på, den same. Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har lova å gå med oss alle dagar.

Må Gud signe Den norske kyrkja.

Stein Reinertsen  
Biskop i Agder og Telemark

# Et skråblikk på Martin Luther i sorg og glede

Av Arne Homme

Forkortet utgave ved Bladstyret

**Martin Luder** ble født 10. november 1483, nøyaktig 455 år før krystallnatten i Tyskland, da nazistene innledet jødeforfølgelsene med å sette fyr på 1 400 synagoger og 30 000 jøder ble ført til konsentrasjonsleirer.

Martins far, Hans Luder, kom fra enkle bondekår, men satset på gruvedrift og arbeidet seg møysommelig opp til å bli en respektert mann. Det var ingen kjære mor for lille Martin, blodet fløt etter at moren banket ham for å ha stjålet en nøtt, og faren slo ham så hardt at han stakk hjemmefra. En svært streng barneoppdragelse, som sikkert var langt innenfor normalen for 500 år siden, men som i dag burde få barnevernet til å fatte hastevedtak, staket ut kursen for Martin som i stor frykt for sin far valgte å studere juss.

Troen på engler, djevler, hekseri og trolldom var en del av hverdagen på den tiden. Utsatt for et voldsomt uvær der han nær ble rammet av et lyn, lovte han å gå i kloster hvis gruvearbeidernes skytshelgen reddet livet hans. To uker etterpå meldte han seg i klosteret.

Etter å ha brukt «De» som tiltaleform til sin sønn, studenten, gikk den vrede far tilbake til «du». Selv når Martin etter 7 år var ferdig utdannet med doktorgrad i teologi og et professorat ved universitetet, ville ikke Hans fullt ut tilgi sin sønn, og minnet han på nytt om det fjerde bud.

Det var noen opplevelser som fikk stor betydning for Martin.

Den første kom da han i studietiden ble sendt til Roma som utsending for sin munkeorden. Han ble regelrett skremt av det han fikk se. Ikke minst var det en opplevelse av blasfemi, der prester vanhelliget nattverden som han reagerte på. I løpet av oppholdet fikk han stadig mer avsmak på det han så. Han krøp på sine knær opp en stige som angivelig skulle gi 1000 års kortere opphold i skjærsilden.

Halvveis oppe hørte han en stemme som sa: «Den rettferdige skal leve ved tro». Da reiste han seg opp og gikk derfra.

Den neste opplevelsen er en hendelse som omtales som «Tårnopplevelsen». Han brukte samme betegnelse for tårn og toalett, så det er litt usikkert hvor han befant seg når han plutselig innså at «Guds rettferdighet» er så totalt annerledes enn et menneskelig rettferdighetsbegrep. Gud som ikke tåler synd, dømmer det menneske som tror at Jesus tok all skyld på seg, som rettferdig - ikke på grunn av egen fortjeneste, men på grunn av Guds nåde.

Den tredje opplevelsen kom i 1517 da han møtte munken Johann Tetzel som solgte avlat, eller syndsforlatelse under mottoet «når pengene i kisten klinger, sjelen ut av skjærsilden springer».

Som andre før ham, som har stått ved avgjørende vendepunkt i livet, så byttet Martin Luder navn. Martin Luder tok navnet **Martin Luther**, i 1517. Navnet henspiller på det greske *eleutheros* som kan bety «den befridde eller «den frie» og gir nok en klar hentydning til Luthers opplevelse av frihet i forhold til pavekirken og frihet fra tvangspålagte gjerninger for å oppnå Guds anerkjennelse.

Å bryte med pavekirken var ikke noe enkelt og ufarlig. Han ble lyst fredløs og risikerte livet og levde en stund med en ny identitet under navnet Junker Jörg. At det var farlig å tale mot paven, var høyst reelt – i England ble en av Luthers likesinnede brent på bålet, det samme som skjedde med Jan Huss i Praha 100 år tidligere.

Etter hvert ble Luthers reformatoriske tanker grunnfestet hos en del tyske fyrster. Flere klostre og hele munke- og nonneordener ble oppløst og både prester, munkar og nonner avsverget sølibatløftene. Luther selv tok på seg ansvaret med å få giftet bort en gruppe nonner som hadde flyktet fra klosteret sitt gjemt i ei kjerre, men 25 år gamle Katharina satte betingelser - fikk hun ikke Luther eller en annen mann hun navnga, så ville hun ikke gifte seg. Da den andre takket nei, så var det ingen annen utvei for Luther enn å gifte seg med henne.

De fikk et gammelt kloster til bolig av fyrst Johann av Wittenberg. Det kunne ofte være 30-40 gjester, mange av dem studenter, til stede rundt middagsbordet. Praten gikk om mange ting, og 5188 av disse samtalene ble skrevet ned og utgitt som «Luthers bordtaler». Samtalene gikk både på tysk og latin, og det var tydeligvis viktig å få med seg alt den store mester sa. Luther skrev 350 bøker, 2000 taler og 2500 brev. Men det er kanskje gjennom bordtalene vi får et fullstendig bilde av personen og personligheten Martin Luther. Katharina tok ansvar for klosterets drift med både kvegdrift og bryggeri, og drev etter hvert også et hospital.

Alt tenkelig var tydeligvis tema ved middagsbordet. Grunnet store husholdningsutgifter ble det slik at man gjerne betalte for å spise hos Luther, den som betalte mest fikk sitte nærmest mesteren. Luther legger bevisst opp til å være enkel og folkelig, og språket hans er etter sigende mer vulgært enn det som var god takt og tone i hans samtid. Folkelig, vulgær, ironisk og spøkefull til daglig, og samtidig skarpskodd samfunnsdebattant med livet som innsats.

Luther så viktigheten av å spre kunnskap. Han var den første som oversatte hele Bibelen fra originalspråkene hebraisk og gresk, til tysk. Denne oversettelsen fikk en enorm betydning for det tyske språk. Før reformasjonen foregikk det meste av kirkens ritualer på latin, som var et språk for de innvidde, for de uhyre få og utdannede. Det var nok ikke rart at dette språket nærmest ble magi for den jevne mann og kvinne.

At Luther var et barn av sin tid, viser flere av hans uttalelser om jøder, bønder og mentalt tilbakestående. At hans uttalelser om jødene kunne være med på å underbygge nazistenes brutale handlinger og at han etter hvert tok parti mot bøndene i bondeopprørene er ikke ukjent. Og at han viste en ufattelig svakhet overfor fyrsten som tok seg en ekstra hustru var selv på 1500-tallet helt uhørt. Luther må dømmes med 1500-tallsbriller, og ikke ensidig ut fra det historien har lært oss de siste 500 år. Protestantismens betoning av individuell lesning av Bibelen førte til gode allmenne leseferdigheter og etter hvert et godt generelt utdanningsnivå. Viktigst er likevel «kallet» - Gud er den som har utvalgt mennesket til å gjøre Guds gjerninger. Dette ga seg et merkbart uttrykk i samfunnslivet, gjennom en nøysom livsførsel.

For 500 år siden mente pave Leo X at opprørspresten Luther bare var en full tysker som forhåpentligvis ville komme til sans og samling straks han ble edru. I dag har den katolske og den lutherske kirke nærmet seg hverandre, og begge vil i dag si seg enig med Luther at «Troen alene» er grunnlag for frelse. I «Felleserklæringen om rettferdiggjørelseslæren» fra 1999 sier den katolske og den lutherske kirke at «Rettferdiggjørelsen skjer ved mottagelsen av Den Hellige Ånd i dåpen og innlemmelse i det ene legemet. Alt dette kommer fra Gud alene, for Kristi skyld, av nåde og gjennom tro på «evangeliet om Guds sønn».

## **ÅRSMØTER I ÅMLI SOKN OG GJØVDAL SOKN**

**Årsmøte i Gjøvdal sokn mandag 17. april (2. påskedag) i Gjøvdal kyrkje like etter gudstenesta.**

**Årsmøte i Åmli sokn søndag 23. april i Åmli kyrkje like etter gudstenesta.  
Vanlege årsmøtesaker  
Alle velkommen!**

## **Tovdal kyrkje langfredag**

Det blir igjen konsert i Tovdal kyrkje langfredag kl. 14 og 16. Det er 11. året vi har denne konserten, og den gamle gjengen er på plass. Igjen så blir det et dykk i country/gospel/bluegrass sjangeren. Disse konsertene har blitt godt besøkt og derfor har vi måttet ha dobbel konsert siden Tovdal kyrkje ikke er så stor. Mange kombinerer gjerne med et besøk på Hillestadgalleriet med nydelig elgsuppe og kringle.

Dessverre må vi ta kr.70 i inngang for å dekke utgifter til musikere. Men vi tror det er overkommelig for de fleste. Det er spesielt gledelig at vi har mange som kommer år etter år.

Vel møtt i år også!

Hilsen Salve Kallevig

## **Loppemarked**

Lørdag 22. april blir det loppemarked og utlodning i Åmli Menighetscenter fra kl. 11 til 14. Det blir også salg av risgrøt og vafler.

## Info frå kyrkjeverje:

### *Sikring av gravminne:*



Telen arbeider mykje med grunnen i løpet av vinteren og mange gravminne vert ståande på skeive når våren kjem. Det er festars ansvar å sørge for at gravminnet vert retta opp, og ikkje representerer ein veltefare.

Fellesrådet tilbyr å rette gravminne/monument. Dette kostar kr. 500,- inkl. mva. Ta kontakt med kyrkjegardspersonalet eller kyrkjeverje.

Har de som besøker kyrkjegardane, behov for å spørje om praktiske ting, kan de ta kontakt med kyrkjegardspersonalet på staden. Gjeld spørsmålet fornying av gravstad, festeavgifter, festetider e.l., ver vennleg å ta kontakt med kyrkjeverja.

### *Blomsterstell og gravlegater*



På kyrkjegardane i Åmli kan vi tilby å overta ansvaret for plantestell på gravstadene.

Dette kan anten betalast forskotsvis årleg, eller det kan opprettast eit gravfond.

Vedtektene for kyrkjegardane i Åmli kommune gir anledning til at det ved innbetaling av eit bestemt beløp blir oppretta eit gravfond. Gravfondet blir forvalta av kyrkjeverja. Det innbetalte beløpet med tillegg av renter skal dekke utgifter til vanleg stell av gravstaden for eit tidsrom avgrensa til fredningstida eller festetidens lengde. Avtalen kan ikkje seiast opp i den avtalte perioden.

Dersom det i den avtalte perioden oppstår slike økonomiske forhold at midlane ikkje strekk til, skal kyrkjeverja gi beskjed til festaren eller den som har ansvar for grava. Det er anledning til å auke fondet, slik at det varer ut den avtalte periode. I motsett fall vil vedlikehaldet opphøyre når midlane er brukt opp. Skulle det være midlar igjen når avtaletida for fondet er ute, blir desse å anvende av Fellesrådet til alminneleg forskjønning av kyrkjegardane. Kyrkjeverja fører eigen rekneskap for kvart fond, som blir revidert kvart år av kommunens revisor. Det blir rekna ei årleg administrasjonsavgift på kr 100,- pr. avtale.

#### **Prisar for sommarstell:**

Etablering av nytt gravstell: inkl. sjølvvatningskasse ferdig nedsett:	Kr. 1250,- (Eingongsavgift)
Sommarstell (planting 3 gonger i løpet av sesongen)	Kr. 1000,- pr. år
Sommarstell i dobbel kasse	Kr. 1250,- pr. år



## **FJERNING AV PLANTER, TRE OG KANTSTEIN**

I "Vedtekter for kyrkjegardane i Åmli" §5 står det:

"Framfor gravminnet har festar høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken rundt. Det må ikkje være breiare enn bredda på gravminnet, men kan i alle høve vere opp til 60 cm i bredda. Plantefeltet kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkant på gravminnet.

Det kan ikkje plantast vekstar som er høgare enn gravminnet eller som går utover plantefeltet.

Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein delt steinkant som er jamt med terrenget rundt. Innramming av grava eller deler av den med hekk, jern eller anna material som stikk opp, er ikkje tillate.

Ved oppsetting av blomsterbukettar skal det nyttast egna behaldar. Glas er ikkje tillate. Det er ikkje høve til å bruke faste dekorgjenstandar som blomsterurne, lykt o.a. i plantefeltet. Det er høve til å tenne stearinlys på grava, men slike og andre lause dekorgjenstandar må fjernast etter bruk.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet."

**Alle som har planta blomar, buskar eller tre på sida av gravminnet, blir bedne om å fjerne desse.**

**Likeeins ber vi dei som har lagt ut steinar rundt plantefeltet som stikk over grasbakken, om å fjerne desse.**

**Også lause dekorsteinar som er lagt i plantefeltet må fjernast, då desse fort skli utover grasbakken og kan øydelegge maskiner eller skade personar og andre gravminne dersom dei kjem i maskinene vi nyttar.**

**Treng du hjelp, kan du ta kontakt med kyrkjevevje eller kyrkjegardsarbeidar.**

Liv Eikås-Homme

Kyrkjevevje

Tlf: 37 18 52 71

Mob: 94 16 30 84

E-post: [liv.eikas@amli.kommune.no](mailto:liv.eikas@amli.kommune.no)

# Årsmelding for Gjøvdal sokneråd 2016

Gjeld frå 1.10.2015-1.10.2016.

Gjøvdal er framleis eige sokn, etter vedtak frå bispedømmerådet der dei tok omsyn til ønske frå soknemøtet i 2015

## **Styret i denne perioden i soknerådet:**

Leiar Ellinor Oland, nestleiar Elisabeth Harstveit, kasserar Eldbjørg Smeland, sekretær kyrkjeverje Liv Eikås-Homme, styremedlem Gunvor Oland, styremedlem sokneprest Ragnhild Røstvik. 1. varamedlem til styret er Arne Smeland.

Gudstenesteutval: Heile soknerådet.

**Fellesrådet:** Ellinor Oland og Eldbjørg Smeland er faste medlemmer, varamedlemmer Elisabeth Harstveit og Gunvor Oland.

Frå 1.10.15 til 1.10.16 har vi hatt 4 møte i soknerådet, og 1 soknemøte. Vi har behandla 16 saker og diverse orienteringssaker frå soknerådet konstituerte seg i oktober 2015. Saker: Gudstenesteplan, offersøknader, planlegging av bispevisitasen i juni, reduksjon av stillingsstorleik ved kyrkjekontoret, reduksjon i talet på gudstenester(etter pålegg), diakonitenesta, støtte til misjonsprosjekt i Nepal.

**Planlegginga** av bispevisitas var grundig og tok mykje tid, det blei mange møte, særleg for soknerådet sin representant i Fellesrådet. Frå vårt synspunkt var det ein vellykka visitas der heile Åmli fekk presentert eit mangfald av aktivitetar og innslag. I Gjøvdal hadde vi middag med biskopen og følgje, vandring på kyrkjegarden med orientering om verneplanen, og countrykonsert i kyrkja om kvelden med Salve Kallevig som primus motor. Stein Reinertsen var aktivt med og fortalde litt om musikken som blei framført.

**Reduksjon** av stillingar ved kyrkjekontoret har og tatt mykje tid og mange møte for representant i Fellesrådet. Med store nedskjeringar i budsjettet til Fellesrådet er det bare reduksjon i stillingar som er mogleg for å halde budsjettet. Spelereglar må følgjast og krev mykje arbeid for Fellesrådet som er formell arbeidsgjevar for tilsette ved kyrkjekontoret.

**Diakoni:** Aust-Nedenes prosti har framleis prostidiakon i 50% stilling med kontor i Tvedestrand. Det var eit 3-årig prosjekt fram til og med 2016. Prosjektet held fram. Gjøvdals del av kostnadene er om lag 11 %, litt meir enn i 2014, sokneråda betaler etter folketal. Åmli og Gjøvdal sokneråd skal ha eit felles diakoniutval.

Sjå meir om arbeidet til prostidiakonen Per Emanuelen i hans årsrapport for 2015 i Kyrkjelydsblad 2/16.

Soknerådet held fram med å gi gåver/helsing til eldre til jul, samt blomster til dei som fyller 80 år, 85 år osv. Soknerådet har dette som ein del av diakonitenesta.

**Misjonsprosjekt:** Soknerådet støtta Normisjons prosjekt med eit sjukehus i Okaldhunga, Nepal fram til 2016. Her har vi forlenga perioden med støtte til Okaldhunga. Ei ofring pr år går til prosjektet. Dette gjer vi saman med Åmli, som tidlegare.

**Verneplanen:** Vi minner om at bilde av verna gravminne ligg på Åmli kyrkje sine nettsider. Soknerådet prøver å gjere litt vedlikehald på verna gravminne utan festar. Sølvkransen som blei gitt til gravferda til Bjørgulf Gjevdeli, blei høgtideleg overrekt til soknerådet av hans etterkommarar i vår. Kyrkjelyden fekk høyre historia om livet til Bjørgulf, og det var gripande og gav innsyn i ein interessant del av historia i bygda.

## **Gudstenester og trusopplæring (gjennom aktivitetar knytt til gudstenesta) i 2016**

**NB!** Oversikten over gudstenestene følgjer kalenderåret.

Fjellstemnet i samarbeid med Fyresdal går nå ut. Fyresdal ønskte å avslutte.

Trusopplæringsplanen blir brukt som innslag i nokre gudstenester. Det vil ein halde fram med.

Vi har som oftast kyrkjekaffe i samband med gudstenester.

Vi følgjer opplegget Tripp Trapp, der 5 barn er med.

Gudsteneste i januar

Gudsteneste i februar

Familiegudsteneste, mars, (bibeldag, trusopplæring)

Gudsteneste på Vindilhytta i påska (skjærtorsdag)

Høgtidsgudsteneste m/nattverd 2.påskedag

Gudsteneste m/nattverd i mai, konfirmasjonsgudsteneste

Countrykonsert i samband med bispevisitasen

Sommargudsteneste i juni, sommargudsteneste

Hausttakkefest i september, med 4H, utdeling av Mi kyrkjebok, konfirmantpresentasjon

Gudsteneste med nattverd i oktober

Minnegudsteneste saman med Åmli i oktober

Gudsteneste med gullkonfirmantane saman med Åmli

Gudsteneste med nattverd i november

Lysmesse i desember, 2. søndag i advent

Høgtidsgudsteneste 1.juledag

Gjøvdal, 20.01.2017

Ellinor Oland  
leiar i Gjøvdal sokneråd

# Gåver til Kyrkjelydsbladet 2016

O. S. Moe, Salve og Margit Austenå, John Arild Vindholmen, Olav Kristian Kleivene, Benn Roger Olsen, Solfrid og Oddbjørn Haugli, Ottar Gjermundnes, Anne Marie Vehus, Gunhild Bjørnbakk, Laila Haugli, Lefert Njizink, Erna Eriksen, Halvor Kyrдалen, Erna Vindholmen, Anna Lyngstad, Anne Lise Vehus, Anne Tone Aanby, Olaf N. Oland, Berit og Otto Storbrua, Olav Riisland, Lars Øystein Gangsei, J. og A. Standal, Tormod Askland, Tarjei Johansen, Kari Hagelia Olstad, Bjørg og Olav Dahl, Anne Bakken, Olav Skarmyr, Kristine Sveinungsen, Astrid Sveinungsen, Ånund Gjermones, Marit Finsrud, Ragnhild Birgitte Eppeland, Vesla Eppeland, Ragnhild og Olav Ramse d.y., Gerd Ånesen, Inger Oland, Gjertrud Rislå Halvorsen, Anne Søyland, Grethe Båslund, Turid Øy, Mia Engestøl, Ingrid T R Tellsgård, Åse Elisabeth Jansen, Liv Tande, Ellen Rustad og Angrim Flaten, Kjetil Dukane, Tone Vik Stokkeland, Aadne Standal, Kari Epletveit, Halvard Harstveit, Heidi Halvorsen, Olav Wik, Dagny Røyneland Hørsdal, Turid Haugstøyl, John Baasland, Rigmor og Jostein Fyhn, Eivind Ramse, Ole Moe Hægestøyl, Erna Vindholmen, Anne Helene Stieng, Bergit Gjermones, Kari Øy Hauge, Karin og Lasse Gangsei, Ragnar Heistad, Bjarte Nordås, Olaf S. Moe, Aashild og Halvor Flottorp, Anne Marie Vindholmen, Sverre Kløvfjell, Oddvar Sigridnes, Vidar Haugli, Ellinor C. Oland, Rune Nylund, Gerd Wessel-Hansen Tangen, Aslak Eppeland, Gudrun Tveit, Astrid Gauslå, Kristian Jørgensen, Otto og Berit Storbrua, Karen Mørland, Torhild og Knut Solvang, Elling Riisland, Ingeborg Øygarden Olsen, Gabriel Mattingsdal, Dag og Gunstein Krossbekk, Steinar O Hushovd, Magne Olsen, Åsta og Olav Skarmyr. Nils Jørundland, Solveig og Kjell Nylund, Astrid og Einar Austenå, Ingebjørg Lauvdal, Frank N Olsen, Liv Ann Skjeggedal, Halvor Nylund, Helga Oland, Håkon Jensen-Tveit, Kate og Øyvind Meberg, Arne Smeland, Laila Nylund, Solveig Jensen-Tveit, Kirsti-Helen og Kurt Tore Aas, Gerd Aaland, Erna Eriksen, Bjørn Tore Smeland, Sveinung Seljås, Per Tore Tviland, Mats A. Askland, Signe Alise og Øyvind Olstad, Ottar Gjermundnes, Anne Sigrun og Olav Heia, Odd Harald Hunemo, Lulle Bjørnbakk, Laila og Terje Steinsland, Alfild Gausen, Halvor Kyrдалen, Nyfrid R Gjerde Limann, Øystein Epletveit, Børuf Ramse, Lefert Nijzink, Astri og Kåre Bakken, Øyvind Jomås, Oddbjørn Haugli, Ove Gusevik, Jon Torgeir Lunden,

---

## **Kyrkjelydsblad for Åmli, Gjøvdal og Tovdal**

**Utgjevar:** Åmli sokneråd og Gjøvdal sokneråd

**Bladstyre:**

Ragnhild Marie Røstvik, Kari Gerd Riisland og Halvard Skårdal

**Bladet vert sendt gratis til alle heimar i Åmli kommune.**

Trykk: Åmli kyrkjekontor

**Gåve til Kyrkjelydsbladet: Konto 2821.40.07314**

## ÅMLI KYRKJEKONTOR

Opningstider:

tysdag-torsdag 10.00 - 14.00

Besøksadresse: Fossevegen 24

Postadresse: Postboks 57, 4864 Åmli

Tlf. sentralbord: 37 18 52 70

Tlf. kyrkjevevje: 37 18 52 71 / 941 63 084

Heimeside: [www.amli.kyrkja.no](http://www.amli.kyrkja.no)

Kyrkjevevja sin telefon er som oftast betjent frå måndag til torsdag frå 09.00-15.00. Opningstidene våre er tysdag til torsdag 10.00-14.00.


Kyrkjekontoret svarar på alle spørsmål om kyrkjelege handlingar og om verksemda i sokna.

Kyrkjevevja har ansvar for spørsmål om gravferd, kyrkjegardar og bygningar. Under kyrkjevevjas ansvarsområde er mellom anna også alle tilsette i kyrkjene og på kyrkjegardane, samt økonomien.

Velkommen innom!

Kyrkjevevje:	Liv Eikås- Homme	37 18 52 71 941 63 084	<a href="mailto:liv.eikas@amli.kommune.no">liv.eikas@amli.kommune.no</a>
Sokneprest:	Ragnhild Røstvik	37 18 52 72 938 85 125	<a href="mailto:ragnhild.marie.rostvik@amli.kommune.no">ragnhild.marie.rostvik@amli.kommune.no</a>
Organist:	Salve Kallevig	37 18 52 73 911 00 356	<a href="mailto:salve.kallevig@amli.kommune.no">salve.kallevig@amli.kommune.no</a>
Kontorsekretær, kyrkjetenar Åmli, trusopplærings- koordinator	Gerd Kallevig	37 18 52 70	<a href="mailto:gerd.kallevig@amli.kommune.no">gerd.kallevig@amli.kommune.no</a>
Kyrkjegards- arbeidar:	Svein Lunden	37 18 52 74 957 58 343	<a href="mailto:svein.lunden@amli.kommune.no">svein.lunden@amli.kommune.no</a>
Kyrkjetenar Gjøvdal kyrkje:	Solfrid Haugli	975 88 751	
Kyrkjetenar Tovdal kyrkje:	Ellen W. Ramse	991 02 821	

## Frå kyrkjeboka:



DØDE

### Åmli kyrkje :

Kristine Sveinungsen  
f. 1928 – d. 26.11.2016

Telleif Engenes  
f. 1933 – d. 03.12.2016

Reidun Marie Brosdal Gjøvland  
f. 1935 – d. 17.12.2016

Heikki Juhani Engenes  
f.1945 – d. 18.12.2016

Anna Tonnie Hagelia  
f.1924 – d. 18.12.2016

Berger Nordås  
f. 1925 – d.13.01.2017

John Raudåna  
f. 1930 – d. 06.02.2017

Ingeborg Johanne Myrvang  
f. 1951 – d. 04.03.2017



DØYPTTE

### Gjøvdal kyrkje:

15.01.2017  
Knut Steine Oland  
Madelen Lunden

### Tovdal kyrkje:

19.02.2017  
Alfred Sandnes

### Åmli kyrkje :

26.02.2017  
Olai Kateraas  
26.03.2017  
Solveig Finsrud Skoge

## Konfirmantar våren 2017

### Åmli kyrkje:

Tellef Halvorsen  
Kristian Haugstøyl  
Hedvig Mo Berås  
Malin Smørsting Finsrud  
Signe Tarand Simonsen  
Gunnar Riisland  
Ola Johannes Retterholt  
Kristian Råbu Steinklev

Solveig Halvorsen  
Andreas Skaren Rafoss  
Anne Johansen Strand

### Gjøvdal kyrkje:

Ann Helen Lunden

Åse Helene Felle skal konfirmerast i  
Felle kapell.



## ***Gudstenestelista:***

### **PÅSKA – APRIL 2017**

**09.04 kl. 11.00: Åmli**

Palmesøndag, Påskevandring

**13.04 kl. 12.00: Vindilhytta**

Skjærtorsdag, Gudsteneste

**13.04 kl. 19.00: Åmli**

Skjærtorsdag, Nattverd-  
gudsteneste

**14.04 kl. 11.00: Åmli**

Langfredag, Pasjons-  
gudsteneste m/ Normisjon

**14.04 kl. 14.00: Tovdal**

Langfredag, Countrykonsert

**14.04 kl. 16.00: Tovdal**

Langfredag, Countrykonsert

**16.04 kl. 11.00: Åmli**

Høgtidsgudsteneste  
m/nattverd, Påskedag

**17.04 kl. 11.00: Gjøvdal**

Høgtidsgudsteneste  
m/nattverd, 2. påskedag

### **APRIL**

**23.04 kl. 11.00: Åmli**

Gudsteneste m/ nattverd  
Diakon Per Emanuelen taler.  
Soknemøte etter gudstenesta.

**26.04 kl. 18.00 : Åmli**

**NB! Onsdag kveld** Konfirmantane  
sin prosjektgudsteneste  
(felles for begge sokna)

### **MAI**

**06.05 kl. 12.00: Åmli**

**NB! Laurdag**

Konfirmasjonsgudsteneste

**14.05 kl. 11.00: Tovdal**

Gudsteneste v/ G. Lindtveit

**17.05 kl. 11.00: Åmli**

Grunnlovsdag Festgudsteneste

**21.05 kl. 11.00: Gjøvdal**

Konfirmasjonsgudsteneste

**25.05 kl. 12.00: Hovdefjell**

Kristi himmelfartsdag

Sportsgudsteneste felles

m/ Vegårshei.

### **JUNI**

**04.06 kl. 11.00: Åmli**

Pinsedag. Høgtidsgudsteneste med  
nattverd. Talar frå NLM

**05.06 kl. 11.00: Gjøvdal**

2. pinsedag. Sommargudsteneste

**18.06 kl. 11.00: Åmli – Badeplassen**

Engenes Grillgudsteneste

Bokgåve til 8. åringane

**25.06 kl. 11.0 : Åmli**

Gudsteneste v/ G. Lindtveit

### **JULI**

**02.07 kl. 11.00: ÅPOS**

Gudsteneste m/nattverd  
v/ G. Lindtveit

**29.07 kl. 17.00: Åmli –**

**gamle kyrkjetomta**

Olsokgudsteneste

### **AUGUST**

**06.08 kl. 11.00: Åmli**

Gudsteneste m/ nattverd

**20.08 kl. 11.00: Åmli**

Gudsteneste – Søndagskulens dag.  
Utdeling av 4. og 6. års bok

### **SEPTEMBER**

**03.09 kl. 11.00 : Åmli**

Haustattakkefest. Bokgåve til  
9. og 10. åringane.

Konfirmantpresentasjon

**10.09 kl. 11.00: Gjøvdal**

Haustattakkefest. Bokgåve til  
4, 6, 9. og 10. åringane.

Konfirmantpresentasjon

# SALMESTAFETTEN

## **Jeg vil gi deg, o Herre, min lovsang**

(T og M: Christer Hultgren O: Per Hagen)

1: Jeg vil gi deg, o Herre, min lovsang, jeg vil takke deg med mine ord for din nåde som er uten grenser, og for godhet og kjærlighet stor.

Refr: Jeg vil gjøre mitt liv til en lovsang for deg,  
la hvert tone en hyllest til deg være,  
og i dager med glede og dager med sorg  
vil jeg leve hver dag til din ære!

2: Ingen annen er verdig den sangen. Bare du, Herre, eier min sang, og i himmelen skal lovsangen lyde til din ære en evighet lang.

Refr: Jeg vil gjøre mitt liv til en lovsang for deg,  
la hvert tone en hyllest til deg være,  
og i dager med glede og dager med sorg  
vil jeg leve hver dag til din ære!

3: Og om sangen i blant skulle stilne og forstyrres av uro og strid, Herre, åpne på ny mine øyne så jeg ser at hos deg er min fred.

Refr: Jeg vil gjøre mitt liv til en lovsang for deg,  
la hver tone en hyllest til deg være,  
og i dager med glede og dager med sorg  
vil jeg leve hver dag til din ære!

Denne salmen minner meg om hvem som har gitt meg livet og hvorfor jeg er på denne jord. Det å ha et ønske om å leve hver dag til ære for Skaperen, gir meg mening. Det står i Bibelen at Gud fryder og gleder seg over oss. Han er fullstendig klar over at livet ikke er noen dans på roser. Uansett om dagen er fylt av glede, sorg eller alt det som ligger imellom disse, kan livet mitt leves til ære for Gud.

Siste vers er en bønn til Gud om å minne meg om hvorfor jeg er her. En bønn om at han må åpne øynene mine når verdens strev har overdøvet lovsangen til Han. Det er godt å vite at vår Gud er nådig og nær selv om vi vakler og vinger. Gud har gitt meg livet, så det minste jeg kan gjøre er å leve det til ære for han!

Salmehilsen fra Rakel Birkeli Søraker, som sender stafettpinnen videre til Signe Riisland.